



1 **4H krev besøksgardar i heile landet**

2 Eit ope gardsanlegg er eit bindeledd mellom urbant og ruralt liv, og mellom fortid
3 og framtid. Born og unge som veks opp, både i by og på bygda, har ofte ikkje fyrstehands
4 kunnskap om kvar maten kjem frå eller kulturarven gardane held i hevd. 4H Norge meiner
5 difor at det er på tide med ein dugnad for folkeopplysning som særleg born og unge treng, og
6 vil nyte godt av, gjennom ei storstilt satsing på besøksgardar.

7
8 Ein besøksgard er ein møteplass som bidreg til å redusera avstanden og auke forståinga
9 mellom dei som produserer maten og dei som et han. 4H Norge har i dag eit nettverk av over
10 50 4H-gardar. Dei er plassert over heile landet og tek årleg i mot meir enn 400 000
11 besøkande. 4H Norge meiner at alle born i landet bør ha tilgang til ein 4H-gard eller eit anna
12 ope gardsanlegg.

13
14 4H-gardane tek mellom anna i mot barnehagar og skuleklasser og gjev born og unge
15 kunnskap om økologiske samanhengar, matproduksjon, dyr og natur. Det er kvalitetar ved
16 utandørs undervisning som ein ikkje finn i eit klasserom, og dei kan nyttast som ein viktig
17 kjelde for å tilby elevane meningsfulle og kreative læringsprosessar. Mange av gardane ligg
18 og slik til at dei kombinerer aktivitetar på garden med friluftsliv, og med moglegheit til å visa
19 fram matauk frå skogen eller sjøen som supplement til landbruksproduksjon. Når elevar får
20 vere i kontakt med dyr og natur, får dei andre opplevingar og røynsle som dei vanlegvis ikkje
21 får i eit klasserom.

22
23 Eit ope gardsanlegg er ein god arena og møtestad mellom ulike brukargrupper og
24 generasjonar. Mangfaldet av besøksgardar er stort og spenn frå små gardar som
25 utelukkande driv besøksverksemd til store produksjonsanlegg. Felles for dei alle er at dei
26 brenn for dyrevelferd, rein mat og ikkje minst formidling av dei verdiane som ligg til grunn for
27 norsk landbruk.

28
29 4H Norge samla til landsmøte på Sola krev at det i alle kommunar finst minst eit ope
30 gardsanlegg der born og unge kan læra om matproduksjon og matkultur. I tillegg til å
31 organisere aktivitetar for barnehagar og skuler gjennom året, må besøksgardane vere ope i
32 helger og feriar slik at folk i alle aldrar kan nyte godt av dei.